

KYRKJEBLAD

FOR LEVELD, TORPO OG ÅL SOKN

Meir himmel på jorda



Bøn i juletid

Jesus!

No –

når julelysa brenn,
juletonar fyller sinnet,
mjuk stemning sveiper
om tanke og sinn.

No –

når milde ord
strøyer glitter
over spørjande
og uroleg indre.

Jesus!

No –

når julefreden
legg mjukt vern
over såre tankar.

Lat meg få sjå
og kjenna:

Det som skjedde
i stille julenatt
– det var for meg!

Guri Ekse



Foto: Elin Etterlid Tveit.

ÅL KYRKJEKONTOR

Opningstid kontor

tysdag-fredag 08.30-14.00.

Tlf: 907 13 766

post.aal@kyrkja.no

www.aal.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje

Kristoffer Krohn Sævre

Ks259@kyrkja.no tlf 484 41 575

Prost

Camilla Osnes (permisjon)

co689@kyrkja.no 977 15 677

Setteprost Kristoffer Lønning

Tørressen kt846@kirken.no

Sokneprest

Marianne Bergsjø Gammelsæter

MG822@kyrkja.no

Sekretærer

Elin Etterlid Tveito

et429@kyrkja.no 478 84 770

Guro Stave

gs595@kyrkja.no 908 58 066

Kyrkjetenar

Håkon Tveito

ht337@kyrkja.no 995 74 033

Tom Vidar Myrestølen

tvmyres@hotmail.com 906 66 497

Morten Storhaug

mortenstorhaug@gmail.com

976 36 904

Organist/musikar

Vemund Olav Aukrust

va358@kyrkja.no 907 05 181

Ingunn Stræte

ingunn.straete@gmail.com 997 21 108

Håkon Tveito

ht337@kyrkja.no 995 74 033

Diakon

Målfrid Bergaplass

vikar Formiddagstreff

Kyrkjelydspedagog

Gina Ingeborg Hagen

gh665@kyrkja.no 918 51 507

Reinhaldar

Kamila Socha

kamilkaa79@gmail.com 405 73 131

Soknerådsleiar

Frøydis Stoveland Dekko

froydisstoveland.dekko@bufetat.no

992 87 892

Fellesrådsleiar

Anne Kjersti Frøyen

akfroyen@gmail.com 901 33 806

Kyrkjebladet for Leveld, Torpo og Ål sokn

Redaksjonen:

Elin Etterlid Tveito

Inger Elise Kaslegard

Kristoffer Krohn Sævre

Produksjon: Grafisk avd. Hallingdølen

Trykk: Trykk Service AS

■ Andakt

Tåreperlene

BISKOP

Jan Otto

Myrseth



DET ER EN nydelig legende som jeg stadig vender tilbake til. Den handler om gamle Efraim, som var en av gjeterne på Betlehemsmarkene. Etter å ha hørt engelens budskap om det nyfødte barnet skyndte han seg mot Betlehem, men han nådde bare til byporten. Der sank han om og kom seg ikke videre. Men Gud hentet Efraims to klare, frosne tårer til sin himmel, og tårerne ble til to perler.

SÅ BLE HAN kalt inn til Gud og fikk lov å se i tåreperlene. Gjennom dem så han mor og barn i stallen i Betlehem. Gud sa til ham: «Du ser det, fordi du har sett det gjennom tårer. Tårer speiler himmel og jord, og ingen ser så klart som den som ser gjennom tårer.»

MAN KAN BLENDES av tårer og ikke se noe, men man kan også oppleve å få et klarsyn som sjelden ellers gjennom tårer. Tårer kan vise seg å bli en gave.

MENNESKELIVET rommer store kontraster. Glede og sorg, lykke og smerte, håp og fortvilelse, fødsel og død. Dette er våre følgesvenner gjennom livet. I juleevangeliet møter vi dem alle, og i denne verdenslitteraturens største fortelling er det rom også for ditt og mitt liv.

MANGE HAR opplevd at det er nettopp i de tyngste stundene, og når tårerne presser seg på, at Gud er oss nærmest.

TO STEDER i Bibelen brukes navnet Immanuel, som direkte oversatt betyr Gud med oss. 700 år før Jesu fødsel gir profeten ham dette navnet, og det samme gjør engelen i en drøm til Josef.

DETTE BARNET som blir født i en stall er et tegn på at Gud er med oss. Uansett hva som møter oss, uansett hvem vi er: Gud er med oss gjennom alt.

ALT BLIR IKKE nødvendigvis så mye lettere i livet for den som tror, men vi vet hvor vi kan gå med det vi bærer på.

JESU FØDSEL tente et lys i verdens mørke. Et lys som mørkets makter ikke kan overvinne. Et lys som stråler like inn i de mørkeste avkroker.





Sokneprest Marianne vart dansa ut av Øyvind Kvile i slutten av innsetjingstudstenesta. Foto: Kristoffer Krohn Sævre

Velkomen til ny sokneprest

Nydeleg ver og flotte haustfargar pryda søndag den 19. oktober da Marianne Bergsjø Gammelsæter vart innsett som sokneprest i Ål kyrkje.

Allereie i inngangssalmen fekk vi oppleve «songarinna Marianne»: «Du kalla oss til kyrkja og difor er vi her». Veksel-song mellom Liturg og menighet.

Fungerande biskop (vår tidlegare prost) Sveinung Hanssen hadde skrive «Kallsbrevet» som soknerådsleiar Frøydis Stoveland Dekko las opp. Prosten i Ringrike prosti er for tiden «setteprost» i Hallingdal, og deltok ved innsettinga.

Tekstane denne søndagen handla om å bli kalla til tru og teneste. «Ikkje alle skal bryte opp og starte på nytt på ein ny stad» slik som Marianne har gjort.



«Jesus møter oss der vi er. I forskjellige livssituasjonar. Og der kan vi få være med å bygge fellesskap». Ho oppfordra oss til å sjå oss omkring, Løfte blikket. Kan eg hjelpe til? «Guds sol lyser alltid over oss og våre tenester».

Ei fin stund i kyrkja og ei fin stund i kyrkjestugu med kaffi, marsipankake og mange helsingar og gode ynskjer til vår nye sokneprest.

Inger Elise Kaslegard



*Kjellaug Kaslegard,
Helga Kaslegard
Haugen, vertinna
på Fagerdalen Støl,
Kari Søndrol Trøen,
og Ragnhild Hagen.*

Hausttur til Fagerdalen støl!

Turleiar var Kari Flatland, vi var 23 stk og hadde stor flott buss frå Vy, som var litt for brei og for lang for veiene inn til Fagerdalen, men sjåføren var

forsiktig og flink, så det gikk veldig bra... Kari Søndrol Trøen, for tida vertinne på stølen, tok imot med hjemmelaget rømmegrøt, spekemat, saft

og kvikaku med kaffe, fortalte litt om livet på stølen, og viste fram ny, flott gjestesal over fjøset, med plass til 50 gjester.

Takk til Sigmund

No har Sigmund hatt sin siste gudsteneste her hjå oss i Ål, Torpo og Leveld sokn. Han vil bli sakna. I omlag eit og eit halvt år har Sigmund vore prestevikar og mange har hatt gleda av å bli kjend med han. Sigmund har møtt oss med glimt i auga, med humor og glede, men og med varme og djupt alvor i det dei ulike har stått i. Med si gyldne evne til å kommunisere og formidle, har han rørt ved både hjartet og tanken, både i gudsteneste, gravferd, dåp og vigsling. Han

har hatt noko viktig på hjartet, noko viktig å dele. Han har vist eit brennande engasjement i å formidle Gudskjærleiken som favnar og når fram til oss alle midt i alt, slik livet er. Me vil hugse denne tida med takksemd og glede. Takk Sigmund for di teneste her hjå oss, for alle du har møtt og sett, både med humor og omsorg. Me ynskjer deg alt godt vidare! Du vil alltid være velkommen attende. På gjensyn!

Frøydis Stoveland Dekko, Soknerådsleiar

Namna minnelund opna ved Ål kyrkje

7. oktober vart namna minnelund ved Ål kyrkje offisielt opna av ordførar Jørund Li og Ål kyrkjelege fellesråd ved leiar Anne Kjersti Frøyen. Dei fyrste urnene og navneskilta er allereie på plass.

For dei som ynskjer kremasjon kan minnelunden vere eit fint alternativ. Personen får ein plakett med namn og leveår, og urna blir sett ned i eit felles urnefelt. Det er mogeleg med to namn per plakett. Minnestaden krev mindre oppfølging, men er likevel ein ivaretatt og verdig stad å minnast sine kjære. Me ser for oss at menneske som bur andre stader i landet kan finne dette som ei god og praktisk løysing, og me veit også at enkelte føretrekk ein enkel minneplakett framfor ei gravstøtte. Erfaringa frå andre stader i Hallingdal er at det blir stadig meir vanleg å velje kremasjon, og i Ål kommune ser me at rundt ein tredjedel vel kremasjon framfor kiste.

Ål kyrkjelege fellesråd har jobba lenge med å få gjort ferdig den nye minnelunden. Teikningane er laga av Marianne Laa ved Asplan Viak, og det er Anleggs-



Ordførar Jørund Li opna namna minnelund ved Ål kyrkje 7. oktober.

gartner Øst – Geilo som har gjort det praktiske arbeidet med naturstein. Plassen er universelt utforma med skiferbelegg og har ein slags open port for å gjere det tilgjengeleg for alle. Sjølv minnesmerket er forma som ein todelt natursteinsmur med armert grasdekke rundt. Tilsette ved kyrkja vil sørge for blomar og anna oppfølging rundt minnelunden.

Det er ikkje lenge sidan me opna eit livssynsnøytralt gravfelt, og no har me namna minnelund som endå eit alternativ.

Det er framleis fullt mogeleg å sette urna på dei tradisjonelle gravplassane med gravstøtte, for dei som lurar på det.

Kyrkjeverja



■ Aktivitetar

Supertorsdag

siste supertorsdag før jul blir 18. desember, kl 16–17.30. Denne dagen koser vi oss litt ekstra. Kl 17.30 er det «syng jula inn» i kyrja. Her blir det kjente barnesanger og andre julesongar.

Formiddagstreff:

3. desember kl 11–13.
Det blir markering av dykk jubilantar. Program og servering.

Nordbygdene 2026, kl 12–14.
28. januar og 25. mars.

Kyrkjestugu Ål 2026, kl 11–13.
7. januar, 4. februar og 4. mars.

Tårnagent:

2. og 3. klassingar!
Det blir tårnagent i kyrkja
15. februar. Hald av datoen,
invitasjon kjem i posten til alle.

Lys våken:

5. og 6. klassing, vil de vere med
å overnatte i kyrkja? 7.–8. mars
arrangerer vi Lys Vaken i Ål kyrkje.
Invitasjon kjem!

**Vi ynskjer alle
lesarane våre
ei god førjulstid
og godt nytt år.**

Helsing
redaksjonen og staben
ved Ål kyrkjekontor.

Ål kantori

øver framleis kvar partalsvekeonsdag kl. 18–20, og ynskjer nye songarar varmt velkomne. I det siste har vi øvd til konserten med The Nordic Organduo den 26. oktober og helgedagsmessene med trio Maskros den 2. november, og framover blir fokus mot å syngje jula inn den 18. desember kl. 17.30. Viss du syng eller spelar og er gira på å bidra til ein triveleg allsongkveld set Vemund stor pris på å høyre frå deg! Eit godt døme på korleis kor kan klinge i ei gudsteneste kan opplevast i Ål kyrkje den 23. november, då kjem Early Voices for å vera med på ei folkemusikk-gudsteneste etter å ha sunge konsert i Gol kyrkje kvelden føreåt.

Vemund

Varmeanlegg

Ål kyrkje er i ferd med å få nytt varmeanlegg. Dei nye viftekonvektorane hadde lang produksjonstid og kjem i slutten av november. I byrjinga av desember skal me få dei inn i kyrkjebygget, og me skal gjere vårt beste for å halde kyrkja varm i overgangen. Me må rekne med noko anleggsarbeid, men legg til rette for at aktivitetane kan gjennomførast som planlagd.

Kyrkjevevja

Frivillig gåve til kyrkjebladet

Kyrkjebladet held deg oppdatert om alt som skjer i og rundt kyrkja gjennom året. Kan du tenkje deg å bidra med ei frivillig gåve slik at me har peng til å trykkje bladet i 2026?

Takk for di gåve til vippsnummer **#627063**



Takk for gáva til misjonsprosjektet

Misjonsprosjektet vårt 2022 – 2025, er retta mot Det Norske misjonsselskap (NMS) / FLM og deira arbeid på Madagaskar. Prosjektet gir stipend for yrkesutdanning av ungdom slik at fattige og sårbare ungdommar kan få utdanning på kyrkja sine fagskular. Ved å få stipend, kan endå fleire få utdanning innan sjukepleie, landbruksfag og lærarutdanning. På kyrkja sine 11 døve- og blindeskular er det også tilbod om yrkesfagleg utdanning for syns- og høyrselshemma. Den gassisk-lutherske kyrkja har 2 godt drivne landbruks-skular med 4–500 studentar til saman, Tombontsoa i Antsirabe i innlandet og Fihaonana i Vohipeno på austkysten. I tillegg er ein i desse dagar, i ferd med å reopne den 3. skulen, Tsarafototra, på Vest-Madagaskar. Det er særers ressurskrevjande å drifte slike skular. Støtta frå NMS, trufaste gjevargrupper og lokale misjonsprosjekt av stor betydning for å drifte skulane.



Kyrkja i Ål har sidan 2022 samla inn meir enn 400,000 kroner, og me estimerer ein sluttsum på ca 480,000 når prosjektet no går mot ein innspurt.

Misjonsrådet vil rette ein stor takk til alle faste gjevarar og dei som har bidratt ved kollekt i kyrkjene og på anna vis for det flotte resultatet! Det er mykje pengar i Norge og enda meir når dei vert veksla om til gassiske ariary. Mange har fått ny framtid og nytt liv gjennom desse pengane. Hjarteleg takk!

VI GÅR I KYRKJA

DESEMBER

Søndag 14. desember

Kl 11.00 Torpo kyrkje
Gudsteneste

Torsdag 18. desember

Kl 17.30 Ål kyrkje
Vi syng jula inn

Onsdag 24. desember

Kl 12.00 Kårstugu,
Ål Helsetun
Gudsteneste
Kl 13.00 Vats fjellkyrkje
Gudsteneste
Kl 14.30 Leveld kyrkje
Gudsteneste
Kl 16.00 Ål kyrkje
Gudsteneste
Kl 16.00 Torpo kyrkje
Gudsteneste

Torsdag 25. desember

Kl 12.00 Ål kyrkje
Høgtidsgudsteneste

Søndag 28. desember

Kl 11.00 Leveld kyrkje
Julesalmemesse

Onsdag 31. desember

Kl 17.00 Ål kyrkje
Gudsteneste

Søndag 11. januar 2026

Kl 11.00 Leveld kyrkje
Gudsteneste

Søndag 18. januar 2026

Kl 11.00 Evjens Minne
Gudsteneste

Søndag 25. januar 2026

Kl 11.00 Ål kyrkje
Gudsteneste

Søndag 1. februar 2026

Kl 11.00 Torpo kyrkje
Gudsteneste

Søndag 8. februar 2026

Kl 11.00 Ål kyrkje
Gudsteneste

Søndag 15. februar 2026

Kl 16.00 Ål kyrkje
med Tårnagentene

Søndag 22. februar 2026

Kl 11.00 Vats fjellkyrkje
Gudsteneste

Kl 19.00 Ål kyrkje
Gudsteneste heilt enkelt

Med atterhald om endring.

DØYPTE

ÅL KYRKJE

Nora Gilen Nestegard
12.10.2025
Ingvild Slettemoen Stave
07.09.2025

TORPO KYRKJE

Iver Nilssen-Sjøthun
26.10.2025
Vivild og Sanna Medhus Lågrinn
05.10.2025

LEVELD KYRKJE

Johannes Isaksson Tveitehaug
31.08.2025

VIGDE

NYSTØLKYRKJA

Silje Bakke Støen & Tobias
Torgersen
02.08.2025

TORPO STAVKYRKJE

Bjørn Erik Frøysok
Uhlen & Ingrid Frøysok
20.09.2025

LEVELD KYRKJE

Karoline Tveito & Luis
Ramon Castillo Toledo
23.08.2025
Monika Kleven & Kåre Berg
18.10.2025

DØDE

ÅL KYRKJE

Grete Holo-Lund
f:1931 d:09.09.25
Birgit Kamben f:1934 d:14.09.25
Kirsten Alvhilde Gilen
f:1945 d:26.09.25
Maj-Britt Viola Hefte
f:1933 d:03.10.25
Erling Birger Holtehagen
f:1940 d:21.10.25
Harald Bjart Nordahl-Pedersen
f: 1943 d: 13.09.25
Gunvor Bjella f: 1932 d:29.10.25
Borghild B Evjen
f: 1932 d: 31.10.25



Forbod mot lause gravlykter

Fellesrådet har vedteke eit forbod mot lause gravlykter på gravplassene i Ål kommune. Lause gravlykter med metallokk utgjer ein fare for dyr då skjører og andre fuglar dreg dei utover for å få tak i talg/stearin, og metallet kan hamne i dyreforet. Faren er særleg stor der det er landbruksområde rundt gravplassane. Over 30 kommunar har til no innført forbod mot lause gravlys, og fellesrådet for Leveld, Torpo og Ål har no gjort same vedtak. Vedtektene skal oppdaterast for å gjenspegle nytt forbod, og det vil kome informasjon på gravplassene. Me oppfordrar til å finne alternative og fastmonterte lykter ved gravstøttene.

Har du lyst til å vere frivillig? Vi treng nokon som kan stille opp som kyrkjevert og klokkar i kyrkjene våre. Ta gjerne kontakt på tlf 907 13 766 eller send ein mail til et429@kyrkja.no

Gravferdsbyrået for heile Hallingdal sidan 1995
Sundretunet, Ål
Telefon 917 06 250 (24t)
hallingdal.jolstad.no

Ål Fargehandel

Tlf. 456 08 056

Etterstev frå Kved opp

Mot enden av sumarsida på kyrkjemusikkens primstav, mellom hakka til Bergen kirkeautumnale og Mikkelsmesskonferansen, gjekk folkemusikkseminaret **Kved opp!** av stabelen i kyrkja på Ål 22.-23. september.

Fagprogrammet tiltrekte seg mellom anna organistar frå breiddegradane mellom Røros og Mallorca, som i løpet av to intensive dagar fekk ulike perspektiv på korleis ein kan jobbe med folkemusikk og -dans i kyrkjeleg samanheng. Carl Petter Opsahl framheva Ål si viktige nasjonale rolle med å ta folkemusikken inn i kyrkjevarmen, ei lobbyverksemd som har funne stad her sidan Folkemusikkdagane på 1970-talet. Audun Flaen og Jo Asgeir Lie tok oss med på ferda med folkemusikk-liturgiarbeidet frå 2007 og framover.

Orgelbyggjar Knut Kaliff røpa nokre av løyndomane bak Ålorgelets folkelege og franske barokkstil, frå belgverk til pipeoppstilling. Kaliff hadde nett brukt eit par veker på orgelvedlikehald, slik som å setja eit par museoppetne tremulantar i drift att, nyintonere Vox humana-stemma og gjeva ryggpositivet attende ei fløytestemme som har vore stum sidan i vår. Timingen her kunne knapt ha vore betre, for den internasjonale orgelvirtuosen Gunnar Idenstam tok nemleg turen frå Stockholm for å halde eit par meisterklasser for seminar deltakarane, og spela ein heidundrande orgelkonsert. Idenstam gav instrumentet ein glimrande attest.

Seminarprogrammet inneheldt ei nyttig blanding av teori og praksis for både musikarar, prestar og andre interesserte. Komponist Henrik Ødegaard heldt ein workshop om Octoechos, mellomalderens gregorianske toneartar sett i samanheng med folketonesalmane vi finn i dagens salmebok. Felespelaren Bjørn Kåre Odde og Jo Asgeir Lie heldt føredrag om folkemusikkarrangering – «hjelp til naudhjelp». Det kan fort bli mykje sitjing og kaffi på seminar, så for å kjenne folkemusikkens rytmar i skrotten fekk både kursdeltakarane og deltakarane ei kveldsinnføring i folkedans av Håkon Tveito og Ingunn Stræte.



Foto: Vemund Olav Aukrust



Morgonen etter braut det laus med folkemusikk gudsteneste i Ål kyrkje med biskop Ragnhild Jepsen som liturg og Carl Petter, Bjørn Kåre, Jo Asgeir og

underteikna som musikarar. Felles-songen er ei utrydningstruga kunstform, og kyrkja lyt vera eit rom der vi kan leggje frå oss ideala om skjønnsong for å tore å kjenne på vår eiga stemme.

Deltakarane tok ei runde med ettertankar kring kva vi tok med oss vidare frå dei to fagdagane. Me håper seminaret ga inspirerande gnistar til å jobbe med folkemusikk i kyrkjelydar på samtlege breiddegrader. Hjarteleg takk for alle setningar, tonar, og ikkje minst til kjøkendamene, som gjorde at ingen hungra etter anna enn faginnhald gjennom dei to dagane!

Vemund Olav Aukrust